



Hedalm AS
Rylliksveien 50
2322 RIDABU

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1215 - 14/8192

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
26.05.2014

Godkjenning - Søknad om igangsettingsløyve gnr 24 og bnr 49 - Oppføring av einebustad

Administrativt vedtak. Saknr: 133/2014

Saksutgreiing:

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til søknad motteke 10.4.2014 om igangsettingsløyve for oppføring av einebustad på gbnr. 24/49 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1.

Rammeløyve for tiltaket vart gjeve ved vedtak av 21.1.2014. I rammeløyvet vart det satt følgjande vilkår for igangsettingsløyve:

- Alle godkjenningssområde for funksjon og ansvar må vere omsøkt og belagt med ansvarsrettar.
- Det må sendast inn vegprofilar som viser at tilkomstvegen stettar krava i gjeldande vegnorm i høve til stigningsgrad og frisiktsone frå avkjørsle.
- Det må sendast inn eigen søknad om godkjenning av tilkopling til offentleg vass- og avlaupsanlegg.
- Vegrett til gbnr. 24/49 over gbnr. 24/3 må vere dokumentert i samsvar med pbl. § 27-4, jf vurderinga over i høve til tilknytning til infrastruktur.
- Utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg må omsøkast og godkjennast.
- Løyve til oppføring av garasje må omsøkast særskilt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

Planstatus:

Gbnr 24/49 ligg innanfor eit område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (KPA). Gjennom vedtak av 14.5.2013 vart det gjeve naudsynt dispensasjon frå dette arealføremålet for oppføring av ein einebustad på eigedomen, jf. UDU-sak 029/13.

Nabovarsel:

I medhald av pbl. § 21-3, 4. ledd finn kommunen at det ikkje trong for nabovarsling av søknaden om igangsettingsløyve.

Plassering, utsjånad mv:

I rammeløyvet av 21.1.2014 vart vesentlege sider ved tiltaket vurdert og godkjent. Dette gjeld mellom anna plassering, utforming, høgde, utsjånad, avstand til nabogrenser, parkeringsdekning og uteoppfallsareal. Søknaden om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar frå dette, og kommunen finn det tilstrekkeleg å vise til drøfting og vedtak i rammeløyvet. Utføring av tiltaket må vere i samsvar med dette.

Tilkomst:

Tiltakshavar har dokumentert naudsynt vegrett over privat grunn, og kommunen vurderer at eigedomen er sikra tilkomst i samsvar med pbl. § 27-4.

Kommunen vurderer at tilkomstvegen stettar krava i gjeldande vegnorm i høve til stigningsgrad og frisiktsone frå avkjørsle, jf innsendte profilar og opplysningar i søknaden.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf nedanfor. Ansvarsrett for Hedalm Anebyhus AS for prosjektering av tiltaket vert endra til tiltaksklasse 1 i samsvar med nye opplysningar ved søknaden om igangsettingsløyve.

Vedtak

Meland kommune gjev i medhald av pbl. § 20-1 igangsettingsløyve for oppføring av einebustad på gbnr 24/49, jf søknad motteke 10.4.2014 og rammeløyve av 21.1.2014. Plassering av tiltaket skal vere som fastsett i rammeløyvet av 21.4.2014.

Løyve til oppføring av garasje må omsøkast særskilt.

Byggverket si plassering på eigedommen skal dokumenterast seinast saman med førespurnad

om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-filformat.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikkelloven. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gjeve, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9. Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde.

Avkøyrsløve til kommunal veg:

Meland kommune gjev i medhald av veglova § 40 løyve til utvida bruk av avkøyrsløve til kommunal veg.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde for funksjon og ansvar
Hedalm Anebyhus AS Organisasjonsnummer 927 486 210 Sentral godkjenning	SØK heile tiltaket (tkl. 1) PRO arkitektur – trehus inkl. trekonstruksjon i våtrom, påstøp, tettsjikt, slukplassering, innvendige rørarbeider (tkl. 1) UTF stålpipe, tømrerarbeider, ventilasjonsanlegg (tkl 1)
Malmo og Uglestad Eiendomsservice AS Organisasjonsnummer 989 361 112 Sentral godkjenning	PRO radonsikring, gravearbeider og grunntrykk frå bygg, mur- og betongarbeider (såle og grunnmur) (tkl 1)
Peisselskabet AS Organisasjonsnummer 936 783 267 Sentral godkjenning	PRO stålpipe (tkl. 1)
Lyssand Maskin Organisasjonsnummer 998 887 585	UTF radonsikring, mur- og betongarbeider (såle og grunnmur, påstøp, tettesjikt, fall til sluk (tkl. 1)

Sentral godkjenning	
Stein-Olav Sagstad Organisasjonsnummer 976 768 337 Sentral godkjenning	UTF og KTR grunn- og terrengarbeid (tkl. 1)
Vest Oppmåling AS Organisasjonsnummer 987 921 679 Sentral og godkjenning	PRO plassering av bygget i vertikal og horisontalplanet (tkl. 1) UTF utstikking av høyde(r) og plassering på tomten før graving (tkl. 1)
Obron Øst AS Organisasjonsnummer 998 667 852 Sentral godkjenning	KTR lufttetthet og våtrom (tkl. 1)
Meland Rør AS Organisasjonsnummer 992 557 324 Lokal godkjenning	PRO rørføring frå og med VA-tilknytningspunkt til grunnmur, innvendige rørarbeider for vann- og avløp (tkl. 1) UTF rørarbeid med tilknytning til VA-nett og fremføring til grunnmur, innvendig rørarbeider (tkl. 1)

Tilkopling til offentlig vassanlegg:

Meland kommune godkjenner at gbnr. 24/49 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg med ein bueining på følgjande vilkår, jf. søknad motteke 10.4.2014 og vedlagte kart og teikningar motteke same dato:

- Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. Kommuneforlaget.
- Tilkopling skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. P.t. er gebyret kr. 20 000,- (2 x kr. 10 000,-) + mva. for tilkopling til offentlig vatn- og avlaupsanlegg.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova og Vass- og avløpsanleggslova, og administrativt fatta i medhald av delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur. **Vedlegg:**
20140526130001

Kopi til:

Erik Tufte

Mjåtveit 14

5918

FREKHAUG

Mottakere:
Hedalm AS

Rylliksveien 50 2322

RIDABU